

---

**Fra:** Julie Daling  
**Sendt:** 29. april 2015 11:28  
**Til:** Eilin Houlison Molvik  
**Emne:** Rognaldsen

Hei Eilin

Eg drøfta saka i plenum på mandagsmøtet til Planavdelinga.

Vi ser at dilemmaet for det aktuelle tiltaksområdet er stort i.o.m at ein forheld seg til den gamle kommuneplanen med dei fleksible føresegnene som ligg i §2.1 og 2.4.

Med omsyn til framtidig utvikling og tilgrensande område, burde tiltaksområdet på eit tidspunkt vore regulert.

Dersom det vert krav om reguleringsplan, tilrår vi at de oppfordrar om samarbeid med tilgrensande sjøsettingsanlegg om ein felles reguleringsplan.

Dersom saka endar opp med dispensasjon frå plankrav, bør dette gjerast med strenge vilkår for å ta omyns til dei innspela som er komt inn. Planavdelinga har tidlegare foreslått vilkår om veggtilkomst til framtidig sjøsettingsanlegg aust for Rognaldesen. Siste setning i kommuneplanen si føresegn 2.4 må krevjast. Konsekvensar av anlegget må dokumenterast

På den andre sida, bør ein vurdere kva ein risikerer med å la dette gå på dispensasjon. Det kan godt hende at dette er ei sak som bør avgjerast politisk først som sist. Vi ville ha skrive opp saka til PMU og latt politikarane ha tatt støyten.

Med venleg helsing

**Julie Daling**

Lindås kommune  
Planavdelinga  
Tlf: 56 37 56 30